
Fra: Eirik Herdlevær Søyland <Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no>
Sendt: 13. januar 2016 14:17
Til: Monika Cecylia Serafinska (Monika.Serafinska@hfk.no)
Kopi: Postmottak Lindås
Emne: Vedr. Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn, Vabø, Lindås kommune

Vedr. Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn, Vabø, Lindås kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev frå Lindås kommune dagsett 18.12. 2015. Me viser også til museets tidligare fråsegn i saka 27.11. 2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Bjørnestø småbåtanlegg i Lindås kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Marinarkeolog
55 54 96 02
marinarkeologi@sjofartsmuseum.no